

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Sogn og Fj.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Brum

Emne: Bordskikkar til kvardags

Bygdelaq:

Oppskr. av: Ola Råd

Gard: Råd

(adresse): Brum

G.nr. 37 Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Like til fram 1900-1910 var det vanleg å ha mange hús på garden. Det var stove, mystove, matstove eller bû, eldhuus, stakur og så fleire fjösar og löder. I alt kunne det vera 10-12 hús på ein vanleg gard. Stova var kalla røykstove eller sperrestove. Der var so rom, stova og koven og so gangen som ein kalla dära. Stova var stav og utan lunn, taket var solsvart. I ein kråa stod grua med skinnomn lengst bak. Iinnar var kokomnar sett inn og bruka istaden for grua.

Medan dei gamle røykstovene var i bruk laga ein maten i stova og åt i stova.

2. Langbordet gjekk kvers over heile stova frå vegg til vegg og med faste benker langs veggene. På framsida av bordet stod ein laus benk som var kalla krakken. Heile hústyden sat ved langbordet ved alle målmål. Og stik er det framleies. Husbondsfolk, born og tenarar et same slags mat, på

same tid og ved same bord.

3 og 4 er svare på ovenfor.

5) No er det vanlig at hūsa stovehusa har særskild kjøken, og det er no det vanlige at hūsliden er på kjøken til kvardags.

6. Sondagam og ved særskilde høglider eller når ein har gjester er ein i stova. Tenarane er saman med hūsbondsfolka og når ein er i stova.

7. Ja, alle har sine faste plassar. Hūsbonden og hūspū har plass ~~for~~ kvar sin ende av bordet og borna på langsiden, gutane immanom bordet og gjentene frammanfor.

8. Nei, eg har ikkje høyrst om at borna skulle stå ved bordet.

9. Ja, hūsbonden sin plass kallar vi framleidis høgsel, og den er ved enden av bordet. Bordet er gjerne plassert slik at hūsbonden ser mot døra.

10. Skidsplassen er framleidis høgsel.

11. Nei, ein var ikkje alltid så nøyer med å vaske hendene før ein åt. Kva tid ein tok til med å verba mūr reinslege i så måte er ikkje så godt å tidfesta. Det kom noko etter kvart som folk fekk mūr opplysning og om reinsemd.

Så lenge eg kan minnst tok karane alltid av tūa før dei sette seg til bords.

12. Før ål alle av same fabel, ja, når det var store hūslidar 10-12-14 menneskje, så hadde ein gjerne 2 eller 3 fat ståande på bordet så alle kunne nå i fabel. Same fat var brukte både til grøut og sūpa, likeins same mjølke-

skal (sølskål). Ein tok ein skei graut av faket, og dugga det så i sølskala og fyllte mjølk på. På same måte gjorde ein når ein åt raspballar (komparar). Då stod det på bordet ein kopp med feitt (fløt) som alle dugga komparskykka i og gubba det i munnun.

No har kvar sin salerken og ein slar helst mjølka på salerken. Det var helst sidan kaffedrikkinga tok til og skinn-lykoppene kom i bruk at ein fekk kvar sin kopp.

13. Nei, grytene sette ein ikkje på bordet, men sliskepannen kunne ein stundom setja på bordet med ei rist o. l. under.

14. Klenga-klengjen - klenga (w) - klengane. Det var sildekleng, fiskekleng, fliskekl. kjøtk., smørk. og brimkleng, alt etter som sutenlet var til. Det har alltid vore vanleg å laga slike klingar, og er det framleides. Derleg er når ein brukar mjukkbröd (lelsebröd) og smør og fisk er det namast rekna for höglidkast.

15. Ja.

16. Nei.

17. Her i bygda kom gaffelen i bruk i tida 1905-1910. Eg hugsar vel at ein åt utan gaffel. I fyrstninga gaffelen kom i bruk var det mange som helst la dei frå seg på bordet og let vera å bruka dei, helst eldre folk.

18. Ja, mennun brukte tollekniven ved bordet når dei åt. Kvinner og barn brukte heimlaga knivar. Dette var stundom av avbrotne tjær, tilslipa

og sett skaff på. Til bruk i bryllup, gravøl o.l. hadde både kararar og kvinner med seg knivar. Det var slagknivar med messing skaft. Det var bruleg bygdesmedane som laga desse.

19. Kvar medlem i husholden hadde si eiga skei som var merket med ein bokstav. Skeiene var anten laga av tre eller horn. Til kvardags var det helst breskeier ein bruka. Eg hugsar bestefar ikkje ville at dei skulle vaske skia si. Han slukte vel av den og sette den inn med glasslisa dei han sat, og ingen måtte flutte ho derfrå.

20. Steinky, salerkar, skalv, og fat og kopper tok til å koma i bruk kring 1900. Før bruka ein bresalerkar (børeska eller borska som vi kalla dei) breskalv og bresfat. Her i bygda dreiv ein <sup>ein</sup>skheit liten ~~liten~~ industri med å laga slike brukjerald. Det var serleg husemenn og kårmenner som dreiv og arbeidde med dette vinkane. Om varen, i fiskelida, reiste dei så eit over til kysten og selde i hundradvis med skalv og fat. Skindom bytte dei i fisk og sild, og sume stader bytte dei i korn. Ein fatig mann frå Breim, ~~sto~~ som var i ei annar bygd og selde skalv og fat, skulle gjera seg ynkeleg så folk skulle lykka seg i han. Når dei spurde kvar han var frå sa han: "Eg er frå Breim gubeire." Sidan vart dette i lange tid eit ordtak i grannebygdene.

5072

21. Nei, før bruka ein ikkje bordduk til

kvardags. Men no er komne i bruk litt eller kvart fra 1915-20. Det er det mest vanlige å bruke voksdøkar, og desse ligg på bordet mellom matmåla og. Til helgabyrte vert bruka luft- eller lindtøk.

23. I eldre tid vart maten delt på dei yngre husrandsmedlemane. Både søl og grøn vart utella. Søl eller sübau var smör, kjøt, fleisk, påse og fisk og sild (sild vart ikkje delt). Eg kan ikkje minnst at maten vart delt, men både forldre og berforeldre fortalde om deling av maten. Truleg var det stult med dette kring 1880-90. Tjemanen var det kinnarhulg for kvar 2 veker. Då fekk alle i husranden kvar si kule med smör, og dette smöret måtte ein grua seg med til neste kinnarhulg. (Kule, smörkule = ei lita tuskål, kanskje med lok på). Brödet ein bruke i dei tider var serleg flatbröd, og flatbrödet vart og delt eller det fedrene fortalde. Borna fekk 2 stykker, (ein leiv vart delt i 4 stykker), voksne kvinner fekk 3 stykker, og voksne karer 4 stykker flatbröd. Når det var rers tungt arbeid fekk ein gjerne eit stykke ekstra. Spekeflesk og spekekjøt og spekepölsar vart og delt.

26. Er vanskeleg å svare på. Det var så ymse på dei ymse stader.

27. Ja, eg minnst å ha sett det i smågutdagane at småborna i dei tider dei vart avvande (stutta å süga) fekk tügge. Mora eller barnogjenta togg maten, tok så tügga og gav barnet

38. Med omsyn til bordbön, så det så ymse. I some heimar var det viss skikk at ein las for maten. I andre heimar tok ein det ikkje så nøye. Men heilt til denne tid har det häyrt med til god oppseding at borna lærde bordböner og las dei både före og etter maten. Når det var berre vaksne folk i húslyden, las ein helst skilt kvar for seg, eller og ei kort lutt etter maten. I. d. s.: "Gü skjé lov á lutt for maten."
39. Det var ilikt i dei yngre heimane med dette og. Det var vanleg i velstikka heimar at borna ikkje sküte snakka ved bordet utan dei dei var spurde eller noko.
30. Eller eit gammalt ordtak mätte det vera úpassande á la ved bordet. "Mannen veste - kje at kjæringja va gaba för on säng med on ál."
32. Ja, det var viss regel at ein mätte halda bordskikk. Ingen mätte gå frá bordet för alle var ferdige.
33. Til kvardags var det ikkje vanleg at ein så lutt for maten.
34. Når ein framand kom i slova omdan ein sat til bords, var dette den mest vanlege helsinga: "Signe maten." Seinar var brukl: "Velbekome." Ja, ein har og häyrt brukl: "Signe spissen," og "Velbekome spissen."
- 35 og 36. För var det alltid stik at ein skütle gje framandfolk mat når dei kom til gards anten det under eller mellom måltida. Gjester skütle mata mat når ein bad hvar til bords, og brüka ordtak

12  
47  
som: „Sei De må ikkje by Dykk.“ eller „De må  
ikkje kasvare Datke.“

37. Når ein skulle gje mat til ein gjest,  
enten han var godt kjend i huset eller  
det var ein framand, så måtte ein selja  
fram det beste husele kenne by. No tek ein  
det ikkje så høgtidleg. Ein gjev av vanleg  
kvardagsmat.

38. Sei kaffe var like bruka her i bygda  
heilt fram til 1905-10., og det var stilt ikkje  
så vanleg å by tilfeldig gjester kaffi.

39. Og tær ikkje det har vore nokon viss regel  
for korhennar tilbuden gjester skulle plasserast.  
Det var all etter som tilhøva var, og etter  
kor vurd gjesten var

40. ja, ein tærde la seg nøya til å førsyna  
seg. Og husemora eller husefarv måtte i  
alle høve høgse på be-ja tråbe-gjester.

41. Det hærde med til god folkeskikke å sitja  
inne i stova medan gjester åt. Kvar  
ein skulle plassera seg var det ikkje nokon  
viss regel for. Men ein tærde sitja der og  
prata, spyrja eller mytt og elles frega  
karleis folk og dyr hadde det heime hjå  
dei, karleis årsvakstren stod, kor langt  
dei var kamne med amene o. a.

5072

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING